



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/444 - 18/7275

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

05.03.2018

Løyve til arealoverføring - GBNR 177/51 Nesse

Administrativt vedtak: Saknr: 110/18

Heimelshavar:

Olav Magne Kvamme

Søkjjar:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks

Søknadstype:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr. 177/51 og gbnr. 177/48 ved frådeling av eit areal på om lag 1100 m² frå gbnr. 177/51.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.12.17 og supplert 20.12.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 20.12.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Det aktuelle arealet ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kjevikdalen Fyllplass, utviding/planid.: 1263-201306 er definert som følgjande; GV1 og BAS (deponi). Planen har status som gjeldande og vart vedteken 24.09.2015.

Areal er søkt overført i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Planen manglar regulert byggegrense langs sjø. Dei skisserte tiltaka frådeling, arealoverføring og etablering av reinseanlegg krev at det vert gjeve dispensasjon i frå plan- og bygningslova § 1-8.

Dispensasjon

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det ligg føre dispensasjon frå byggeforbodet lang sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8, jf administrativt vedtak i sak.: 068/18 datert 13.02.18 jf. administrativt vedtak saknr.: 080/18 datert 14.02.18.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er i søknad gjort greie for at tiltaket ikkje er nabovarsla då alle aktuelle partar er del i saka og har delteke i prosessen fram mot frådelling. Kommunen krev ikkje varsling av tiltaket.

Plassering

Plassering av areala er påført gjeldande plankart dagsett 14.12.17.

Delingssakene er vurdert å vere i samsvar med gjeldande reguleringsplan og til uendra bruk.

Tilkomst, avkjørsle og parkering, vatn og avløp (VA)

Areala skal tilfalle NGIR. Kommunen legg til grunn at mottakareigedom er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg i samsvar med pbl. § 27-4 samt vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspiktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 14.12.17.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til arealoverføring mellom gbnr. 177/51 og gbnr. 177/48 av eit areal på om lag 1100 m² frå gbnr.177/51.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale mellom gbnr. 177/51 og Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap om kjøp og rett til å forestå søknad på vegne av heimelshavar av gbnr. 177/51.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til overføring av areal frå gbnr. 177/51 til eigedom gbnr. 177/48 av eit areal på om lag 1100 m².

Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 14.12.17, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
- Arealoverføring skal skje i samsvar med reguleringsplan for Kjevikdalen Fyllplass, utviding/planid.: 1263-201306

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 18/444.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks Lindåsvegen 1260 5956 HUNDVIN
Olav Magne Kvamme Breistølen 10 A 5034 BERGEN

Mottakarar:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks Lindåsvegen 1260 5956 HUNDVIN